



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 28/2015

Møtedato: 2.9.15


Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

F50, Bjødnhøvd - flytting av tomt til fritidsfeste

Statskog har bedt fjellstyret om uttale til flytting av fritidsfeste F50 på Bjødnhøvd til Kvålsstølen.

Festet ligg inne på stølsjordet til Reien 51/1 (S663). Festaren ynskjer å flytte ut hytta frå stølsjordet. På Bjødnhøvd er det ikkje skikka tomter for å flytte hyttefestet. Festaren har derfor sett på tre aktuelle nye tomteplasseringar på Kvålsstølen, markert med alternativ 1, 2 og 3.



Fjellstyret har erfaring med at det lettare oppstår konflikter når hyttene ligg på stølsjorda. Fjellstyret finn det derfor svært ynskjeleg at hytter blir flytta ut frå stølsjorde når festaren er villig til dette. Dette vil tene både hyttefestarane og stølsnæringa. Fjellstyret meiner at ein i utgangspunktet bør stille same krav til plassering som ved etablering av nye tomter. For å få festarane til å akseptere flytting, må ein kanskje godta kompromiss med omsyn til plassering. Som hovudregel meiner fjellstyret at flytting av hytter bør skje innan stølslaget. På bakgrunn av dette frårådde fjellstyret i sak 59/03 flytting av fritidsfeste frå Grønsenn til Syndin. Er det ikkje skikka tomter på stølslaget, må ein likevel vurdere andre løysingar. I sak 7/09 tilrådde derfor fjellstyret flytting av fritidsfeste F309 frå Bjødnhøvd til Kvålsstølen. Det er ikkje aktuelt å vurdere flytting av hytter frå andre støslag enn Bjødnhøvd til Kvålsstølen.

Fjellstyret gav ei prinsipiell positiv uttale til søknaden i brev til Statskog datert 13.11.14. Fjellstyret såg på alternativa saman med sækjar, Statskog og kommunen under befarung den 15.6.15. Festaren ynskjer det som er merka med alternativ 1 som 1. prioritet. Denne plasseringa ligg i eit område som er i bruk til stølar og hytte, dessutan ligg det nær veg og er ikkje særleg eksponert. Samanlikna med dei andre alternativa er dette den plasseringa som gir minst terrenginngrep. Jf. sak 7/09 meinte fjellstyret at plassering av ei hytte i området ikkje var til vesentleg ulempe for stølsdrifta.

Ved revidering av kommuneplan bør det innarbeidast reglar for flytting av fritidsfeste ut frå stølsutmålingane. Dette vil kunne gjera slike saker lettare å gjennomføre.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret tilrår at festaren får flytte fritidsfeste F50 frå Bjødnhøvd til Kvålsstølen med plassering etter alternativ 1.

Toril Trøen fremma slikt forslag til vedtak: Fjellstyret tilrår at festaren får flytte fritidsfeste F50 frå Bjødnhøvd med plassering i området mellom Snorheimstølen og bekken vestafor. Området får nytt namn alt. 4. Sjå vedlegg 2.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får flytte fritidsfeste F50 frå Bjødnhøvd med plassering i området mellom Snorheimstølen og bekken vestafor. Området får nytt namn alt. 4. Sjå vedlegg 2.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Geir Reien
Vestre Slidre kommune
Statskog

Vedlegg 2

